



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 19

(2000-2001)

Om endringer av løyvingar på
statsbudsjettet for 2000 m.m. under
Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 17. november
2000, godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Olje- og energidepartementet fram forslag til endringar på statsbudsjettet for 2000 i samsvar med pkt. 2 nedanfor. I tillegg legg departementet fram informasjon knytt til bruk av fullmakter under Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE), prosjekt under utbygging på kontinentalsokkelen, omlegging av energibruk og energi-produksjon, miljø og estetiske omsyn ved bygging av kraftleidningar og refusjon av dokumentavgift.

2 Endringsforslag

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten

Forenkla myndighetsbehandling

Stortinget har samtykka i at Kongen under gitte føresetnader kan godkjenne nye prosjekt på kontinentalsokkelen, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000) og Budsjettinnst. S. nr. 9 (1999-2000). Verknader på budsjettet for Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (SDØE) av desse vedtaka går fram av kap. 2440/5440.

Nedanfor følgjer ei orientering om dei prosjekta som er vedtekne under ordninga etter at St.prp. nr. 18 (1999-2000) *Om disponering av Statpipe 2/4-S og endringar av bevilgninger på statsbudsjettet for 1999 m.m. under Olje- og energidepartementet* vart lagt fram.

Tune

Departementet mottok 8. juli 1999 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift for gass- og kondensatfeltet Tune. Feltet skal byggjast ut som ein satellitt til Oseberg feltsenter. Rettshavarane er Hydro, TotalFinaElf og Statoil (som forretningsfører for SDØE). Hydro er operatør og SDØE sin eigardel utgjør 50 pst. Tune er planlagt utbygd i to fasar der første fase er kostnadsrekna til 2,5 mrd. 1999-kroner. Planen inneber investeringskostnader for SDØE på 1,25 mrd. 1999-kroner. Plan for utbygging og drift vart vedteken ved kgl.res. 17. desember 1999.

Tambar

Departementet mottok søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av oljefunnet Tambar den 28. januar 2000. Tambar skal byggjast ut med ei ubemannet plattform som skal knytast opp mot Ulafeltet for fjernstyring. Rettshavarane i Tambarlisensen er BP (55 pst.), Shell (15 pst.) og SDØE (30 pst.). BP er operatør for utbygginga. Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift utrekna til 967 mill. 2000-kroner. Utbygging av Tambar vil for SDØE medføre om lag 109 mill. kroner i investeringar og 2,7 mill. kroner i rentekostnader i 2000. Plan for utbygging og drift av Tambar vart vedteken ved kgl.res. 3. april 2000.

Draugen gasseksport

Departementet mottok 26. mai 1999 søknad om godkjenning av plan for anlegg og drift av Draugen gasseksport. Rettshavarane i Draugen gasseksport er Shell, Statoil, BP og Chevron. Shell er operatør. Eigardelen til SDØE er 57,88 pst. Rørleidningen Draugen gasseksport vil gå frå Draugenfeltet og blir kopla opp mot Åsgard Transport. Dei totale investeringane for rørleidningen mellom Draugenfeltet og Åsgard Transport og for plattformmodifikasjonar

vert i plan for anlegg og drift vurdert til 916 mill. 2000-kroner. Planen inneber investeringskostnader for SDØE på om lag 298 mill. kroner i 2000, 1,4 mill. kroner i driftskostnader og 19 mill. kroner i renter. Plan for anlegg og drift av Draugen gasseksport vart vedteken ved kgl.res. 14. april 2000.

Norne og Heidrun gasseksport

Departementet mottok 30. mai 1997 søknad om godkjenning av plan for anlegg og drift av Norne gasseksport samt tillegg til plan for anlegg og drift for Norne gasseksport 13. april 1999. Rettshavarane i Norne gasseksport er Statoil, Hydro, Agip og Enterprise. Statoil er operatør. Eigardelen til SDØE er 55 pst. Departementet mottok 27. mai 1997 søknad om godkjenning av plan for anlegg og drift av Heidrun gasseksport og tillegg til plan for anlegg og drift for Heidrun gasseksport 3. mars 1999. Rettshavarane i Heidrun gasseksport er Statoil, Conoco og Fortum. Statoil er operatør. Eigardelen til SDØE er 64,16 pst. Det er valt ei felles utbyggingsløyising og røyrsystema Norne og Heidrun gasseksport vil bli kopla opp mot røyrleidningen Åsgard Transport. Dei totale investeringane vert i plan for anlegg og drift vurdert til 1 265 mill. 2000-kroner for Norne gasseksport og 919 mill. 2000-kroner for Heidrun gasseksport. Planen inneber samla investeringskostnader for SDØE for Norne og Heidrun gasseksport på om lag 822 mill. kroner, 14 mill. kroner i driftskostnader og 45 mill. kroner i renter i 2000. Plan for anlegg og drift av Norne og Heidrun gasseksport vart vedteken ved kgl.res. 14. april 2000.

Heidrun Nord

Departementet mottok 14. februar 2000 søknad frå operatøren, Statoil, om godkjenning av plan for utbygging og drift av oljefunnet Heidrun Nord. Feltet er bygd ut med ein produksjonsbrønn og ein injeksjonsbrønn for vatn. Produksjonsbrønnten er bora frå ei ramme på havbotnen på Heidrun Nordflanken som igjen er knytt opp til Heidrun-plattformen. Produsert væske vil bli prosessert på denne. Operatøren sine investeringsestimat som låg til grunn for den opphavlege avgjerda i april 1998 om utbygging av Heidrun Nordflanken, baserte seg på ei samla utviklingsløyising for felta Heidrun Nordflanken og Heidrun Nord. Heidrun Nord sin del av investeringane er av operatøren vurdert å utgjere om lag 740 mill. 2000-kroner. For SDØE vil utbygging og drift av Heidrun Nord innebere om lag 475 mill. kroner i 2000. Produksjonen frå Heidrun Nord starta hausten 2000. Rettshavarane er Statoil, Conoco og Fortum. SDØE sin eigardel er 64,16 pst. Plan for utbygging og drift av Heidrun Nord vart vedteken ved kgl.res. 12. mai 2000.

Troll Vest

Departementet mottok 29. juni 2000 søknad frå Trollgruppa om godkjenning av plan for utbygging og drift av ei ny brønnramme (P2) på Troll Vest. Utbygginga er planlagd med ei brønnramme kopla til Troll C plattformen via den eksisterande brønnramma P1 og vil verte ein integrert del av Troll C plattformen. Brønnramma vil bli installert i 2001 med produksjonsstart i 2002. Rettshavarane i Trollgruppa er Statoil, Hydro, Shell, TotalFinaElf og Conoco. Hydro er operatør for utbygginga. SDØE sin eigardel er 62,93 pst. Dei totale investeringane vert i plan for utbygging og drift vurdert til 888 mill. 2000-kroner. Planen inneber 46 mill. kroner i investeringar, 2,4 mill. kroner i driftskostnader

og 1 mill. kroner i kalkulatoriske renter for SDØE i 2000. Plan for utbygging og drift av P2 brønnramme vart vedteken ved kgl.res. 1. september 2000.

Glitne

Departementet mottok 28. juni 2000 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av oljefeltet Glitne. Glitne er eit lite oljefelt 40 km nordvest for Sleipnerfeltet. Utbyggingsløyvinga baserer seg på leige av produksjonsskipet Petrojarl 1. Glitne er planlagt å vere i drift frå juli 2001.

Rettskavarane i feltet er Statoil, TotalFinaElf og Hydro. Statoil er operatør for utbygginga. SDØE sin eigardel er 30 pst. Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift utrekna til 788 mill. 2000-kroner. Planen inneber om lag 75 mill. kroner i investeringar, om lag 11 mill. kroner i driftskostnader og om lag 2 mill. kroner i kalkulatoriske renter for SDØE i 2000. Plan for utbygging og drift av Glitne vart vedteken ved kgl.res. 8. september 2000.

Vesterled

Departementet mottok 10. desember 1999 søknad om godkjenning av plan for anlegg og drift av Vesterled. Rettskavarane er Hydro, TotalFinaElf, Statoil og Mobil. Planen omfattar installasjon av ny røyrleidning frå Heimdal til britisk sektor med oppkopling til den eksisterande røyrleidningen frå Frigg til St. Fergus, FNP (Frigg Norwegian Pipeline), i Skottland. Planen omfattar òg endringar av operatørskapet for FNP og vidare drift av dette røyrleidningssystemet. Heile røyrleidningssystemet er, i tillegg til det nye sambandet, samansett av FNP-røyrleidningen og den norske delen av terminalen på St. Fergus. Hydro er operatør i utbyggingsfasen. SDØE sin eigardel utgjer 60 pst. Dei totale investeringane er i plan for anlegg og drift vurdert til om lag 613 mill. kroner. I tillegg er Vesterled-interessentskapet sin del av investeringar på den nye stigerøyrplattforma på Heimdal vurdert til 309 mill. kroner. Totale investeringar for Vesterled-gruppa vil dermed vere 922 mill. kroner (faste 2000-kroner). For SDØE vil utbygging og drift av Vesterled, inkludert interessentskapet sin del av investeringane knytt til den nye stigerøyrplattforma på Heimdal, medføre om lag 91 mill. kroner i investeringar, 14 mill. kroner i driftsutgifter og 7 mill. kroner i renter i 2000. Plan for anlegg og drift av Vesterled vart vedteken ved kgl.res. 13. oktober 2000.

Saker som er godkjende av Kongen i statsråd utan verknader for SDØE:

Gassrøyrleidning mellom Ula og Gyda

Departementet mottok 15. mai 2000 søknad om godkjenning av plan for anlegg og drift for gassrøyrleidning mellom Ula og Gyda frå BP på vegne av rettskavarane i utvinningsløyve 019A - Ula. Røyrleidningen er planlagt installert i juni 2001, og rettskavarane ønskjer å ta den i bruk 1. juli 2001. Gassrøyrleidningen vil leggje til rette for transport av gass mellom Ula og Gyda via Tambar og medverke til betre ressursutnytting og auka fleksibilitet i Ula/Gyda/Tambar-området. Totale kostnader er av operatøren estimert til 201 mill. 2000-kroner. Rettskavarane i Ula er BP (operatør), Svenska Petroleum og Pelican. Då SDØE ikkje har eigardel i Ula vil ikkje dette ha budsjettkonsekvensar for staten ved SDØE. Planen for anlegg og drift av gassrøyrleidning mellom Ula og Gyda vart vedteken ved kgl.res. 11. august 2000.

Gassrørleidning mellom Valhall og Hod

Departementet mottok 22. mai 2000 søknad om godkjenning av plan for anlegg og drift for gassrørleidning mellom Valhall og Hod. Planen er utarbeida av BP for rettshavarane i utvinningsløyve 033 - Hod. Rettshavarane i utvinningsløyve 033 er BP (operatør), Amerada Hess, Enterprise, og TotalFinaElf. Etter planen skal gassrøret komme i drift i oktober 2000. Totale investeringskostnader vil bli om lag 110 mill. 2000-kroner. Då SDØE ikkje har eigardel i Hod vil ikkje dette ha budsjettkonsekvenser for staten ved SDØE. Plan for anlegg og drift for gassrørleidning mellom Valhall og Hod vart vedteken ved kgl.res. 11. august 2000.

Valhall vassinjeksjon

Departementet mottok 30. juni 2000 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av eit vassinjeksjonsprosjekt på Valhall. Valhallfeltet ligg om lag 15 km sør for Ekofiskfeltet. Vassinjeksjonsprosjektet på Valhallfeltet inneber at det skal byggast ei plattform i tilknytning til den eksisterande plattformen. Oppstart for prosjektet er planlagt til 1. januar 2003. Rettshavarane i feltet er BP, Amerada Hess, Enterprise og TotalFinaElf. Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift utrekna til 4 417 mill. kroner. Då SDØE ikkje har eigardel i feltet, vil ikkje dette ha budsjettkonsekvenser for staten ved SDØE. Plan for utbygging og drift av Valhall vanninjeksjon vart vedteken ved kgl.res. 3. november 2000.

Vederlagsfri overføring av eigedomsrett

Stortinget har gitt Olje- og energidepartementet fullmakt til å godkjenne vederlagsfri overføring av eigedomsrett frå ei rettshavargruppe der SDØE er ein av rettshavarane til ei anna rettshavargruppe, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (1999-2000). Fullmakta gjeld for prosjekt der Kongen har fått fullmakt til å godkjenne plan for utbygging/anlegg og drift, og ved mindre endringar for prosjekt der plan for utbygging/anlegg og drift allereie er godkjend. Fullmakta er gjeven under føresetnad av at overføringa av eigedomsrett ikkje har vesentlege prinsipielle eller samfunnsmessige sider, og at SDØE er sikra tilstrekkeleg bruksrett.

I samband med nysaldering vil det kvart år bli gjeve ei samla orientering til Stortinget om saker der overføring av eigedomsrett er godkjent det siste året. I St.prp. nr. 7 (1994-95) vart det informert om at departementet for framtida ville rapportere om overføringane etter at avtalane er godkjende av departementet. I perioden frå nysaldering for 1999, jf. St.prp. nr. 18 (1999-2000) og fram til utgangen av oktober 2000 er det godkjent to avtalar om vederlagsfri overføring av statleg eigedomsrett. Det er ein avtale mellom rettshavarane i Dunkerque Terminal til Zeepipe Terminal og ein avtale mellom rettshavarane i Europipe II og Statpipe. I tillegg blir det orientert om ein avtale mellom rettshavarane i Sygna og Statfjord som vart godkjent i juli 1999, men som ikkje vart omtala i St.prp. nr. 18 (1999-2000).

Dunkerque Terminal og Zeepipe Terminal

Avtalen mellom rettshavarane i Dunkerque Terminal og Zeepipe Terminal om styring av Dunkerque Terminal frå Zeepipe Terminal vart godkjent av depar-

tementet den 29. mars 2000. Dunkerque Terminal har investert i utstyr på Zeepipe Terminal som gjer det mogleg å fjernstyre terminalen i Dunkerque frå Zeepipe Terminal. Eigedom retten til dette utstyret er overført til Zeepipe Terminal. SDØE har ein eigardel på 39 pst. i Dunkerque Terminal og ein eigardel på 26,95 pst. i Zeepipe Terminal. SDØE sin del av investeringa er 5 mill. 1999-kroner.

Europipe II og Statpipe

Departementet godkjende 12. mai 2000 avtalen mellom rettshavarane i Europipe II og Statpipe om Europipe II si tilknytning til Kårstø. Europipe II har betalt for tilknytninga, men eigedom retten til dette utstyret er overført til Statpipe. SDØE har ein eigardel på 60 pst. i Europipe II. Den samla verdien av utstyret som vart overført er 452 mill. 2000-kroner. SDØE sin del av investeringane er 271 mill. kroner.

Sygna og Statfjord

Plan for utbygging og drift av Sygna vart godkjent ved kgl.res 30. april 1999 og omtala i St.prp. nr. 18 (1999-2000) ¹⁾

. Departementet godkjende 5. juli 1999 ein avtale mellom rettshavarane i Sygna og Statfjord om tilknytning av Sygna sitt produksjonssystem opp mot Statfjord og vederlagsfri overføring av eigedom rett. Sygna har betalt for innretninga. SDØE sin del av investeringane er vurdert til 47 mill. kroner.

Budsjettendringar

Gjeldande løyving for 2000 under kap. 2440 og kap. 5440 er basert på Stortinget sitt budsjettvedtak i desember 1999 (blå bok) og Stortinget sitt vedtak av 16. juni 2000 der kap. 2440, post 30 Investeringar vart auka med 2 200 mill. kroner og post 50 Overføring til Statens petroleumsforsikringsfond vart redusert med 8 mill. kroner. Under kap. 5440 vart post 24 Driftsresultat auka med 30 500 mill. kroner, post 30 Avskrivningar vart redusert med 400 mill. kroner og post 80 Renter vart auka med 300 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 61 og Innst. S. nr. 220 (1999-2000).

Forslag til ny løyving er basert på oppdatert prognose frå Statoil etter tredje kvartal 2000. Det er for SDØE lagt til grunn ein oljepris på 245 kroner pr. fat som gjennomsnitt i kontantrekneskapen for 2000. Dette inneber ein auke på 55 kroner pr. fat i forhold til gjeldande budsjett for 2000 der føresett oljepris var 190 kroner pr. fat, jf. St.prp. nr. 61 (1999-2000).

Overslaget for kap. 2440, post 22 Fjerningsutgifter er redusert med 18 mill. kroner frå 20 til 2 mill. kroner. Dette som følgje av ein ny gjennomgang av talgrunnlaget. Det er lagt til grunn ei ny fordeling av kva slags utgifter som skal førast på denne posten. Det er SDØE sin del av fjerningsutgifter, i tråd med definisjonen i fjerningstilskotslova, som skal førast på post 22. Selskapa kan få tilskott til desse utgiftene, jf. kap. 2442 post 70 Tilskudd, men dette gjeld ikkje SDØE. Andre utgifter etter produksjonsslutt, som mellom anna utgifter til

¹⁾ Under forenkla myndigheitsbehandling.

nedstenging, vert ført som vanleg driftsutgift på kap. 5440, underpost 24.2. Denne endringa vert gjort gjeldande frå og med 2000.

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringer er auka med 800 mill. kroner, frå 21 900 mill. kroner til 22 700 mill. kroner. Dette skuldast hovudsakleg høgare investeringar i Åsgardkjeda, som utgjer i underkant av 700 mill. kroner. Det vert elles vist til eigen omtale av kostnadsutviklinga i Åsgardkjeda i kapittel 5 i denne proposisjonen.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 22 300 mill. kroner, frå 118 300 til 140 600 mill. kroner. Hovudårsaka er høgare prisar på råolje, våtgass og gass. Salsvoluma for olje og våtgass er nedjusterte i forhold til gjeldande budsjett (basert på lågare realisert sal så langt i år og prognose for resten av året). Det er venta høgare gass-sal enn det som er budsjettert tidlegare.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Lete- og feltutviklingsutgifter er auka med 200 mill. kroner, frå 1 500 til 1 700 mill. kroner. Dette skuldast hovudsakleg nye brønner og testing.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 og post 30 Avskrivinger er auka med 1 300 mill. kroner, frå 15 100 til 16 400 mill. kroner. Dette skuldast hovudsakleg for lågt budsjetterte avskrivningar på Troll olje.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 og post 80 Renter er redusert med 100 mill. kroner, frå 8 600 til 8 500 mill. kroner. Dette skuldast lågare rente på fast kapital enn føresett i budsjettet tidlegare.

Dei ovannemnde endringane fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat samla aukar med 20 900 mill. kroner, frå 74 900 til 95 800 mill. kroner i 2000.

Tabell 2.1: Endringar på statsbudsjettet 2000 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (i 1 000 kr).

Kap/post			Gjeldande	Forslag til	Endring
Underpost		Nemning	løyving ¹	ny løyving	
2440	22	Fjerningsutgifter	20 000	2 000	-18 000
	30	Investeringer	21 900 000	22 700 000	800 000
	50	Overføringer til Statens petroleumsforsikringsfond	592 000	592 000	0
Sum kap. 2440	22 512 00	23 294 000	782 000		
5440	24.1	Driftsinntekter	118 300 000	140 600 000	22 300 000
	24.2	Driftsutgifter	-18 200 000	-18 200 00	0
	24.3	Lete- og feltutviklingsutgifter	-1 500 000	-1 700 000	-200 000
	24.4	Avskrivinger	-15 100 000	-16 400 000	-1 300 000
	24.5	Renter	-8 600 000	-8 500 000	100 000
	24	Driftsresultat	74 900 000	95 800 000	20 900 000
	30	Avskrivinger	15 100 000	16 400 000	1 300 000
	50	Overføring fra Statens petroleumsforsikringsfond	0	700 000	700 000
	80	Renter	8 600 000	8 500 000	-100 000
	85	Renter på mellomregnskapet	0	10 000	10 000

Tabell 2.1: Endringar på statsbudsjettet 2000 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (i 1 000 kr).

Sum kap. 5440	98 600 000	121 410 000	22 810 000		
		Kontantstraumen til SDØE:			
		Innbetalinger ²	118 300 000	141 310 000	23 010 000
		Utbetalinger ³	42 212 000	43 194 000	982 000
		Nettoinntekt frå SDØE	76 088 000	98 116 000	22 028 000

¹ Gjeldande løyving for 2000 er basert på Stortinget sitt budsjettvedtak i desember 1999 (blå bok) og seinare endringar i 2000.

² Innbetalinger = driftsinntekter + overføring frå Staten sitt petroleumsforsikringsfond + renter på mellomrekneskapen.

³ Utbetalinger = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + fjerningsutgifter + investeringar + overføring til Staten sitt petroleumsforsikringsfond.

På bakgrunn av oppgjør for skadar som har skjedd og venta skadeutbetalinger for resten av året, vert det foreslått ei løyving på 700 mill. kroner i 2000 under kap. 5440, post 50 Overføring fra Statens petroleumsforsikringsfond.

Overslaget for kap. 5440, post 85 Renter på mellomregnskapet er 10 mill. kroner. Under denne posten vert det inntektsført/utgiftsført renter på utestående sum mellom staten og Statoil som forretningsfører for SDØE.

Ovannemnde endringar medfører samla at netto kontantstrøm frå SDØE aukar med 22 028 mill. kroner, frå 76 088 mill. kroner til 98 116 mill. kroner. Dette gir isolert sett ein tilsvarende auke i overføringa til Statens petroleumsfond. Finansdepartementet vil i sin nysalderingsproposisjon foreslå endring av kap. 2800 Statens petroleumsfond.

Kap. 2442 Disponering av innretninger på kontinentalsokkelen

Post 70 Tilskudd, overslagsbevilgning

Tilskot etter lova for fjerningstilskot dekkjer staten sin del av fjerningsutgifter. På basis av nye overslag for fjerningsutgifter i 2000 foreslår ein at løyvinga vert redusert med 38 mill. kroner, frå 70 til 32 mill. kroner.

Kap. 4810 Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)

Post 04 Salg av undersøkelsesmateriale

Inntektene under posten kjem frå sal av seismisk undersøkelsesmateriale til oljeselskapa. Det er stor uvisse knytt til disse salsinntektene. Dei fleste aktørane på norsk sokkel har allereie kjøpt dei seismiske datapakkane som til no er gjort tilgjengelege (Norskehavet og Barentshavet sør). Inntektene vil difor i framtida avhenge av sal av geofysiske og geologiske datapakkar for Barentshavet Nord. Desse datapakkane kan bli lagt ut for sal hausten 2000, jf. forslag i St.meld. nr. 39 (1999-2000), men det er ikkje teke endeleg avgjerd om

dette enno. Inntekter frå sal av desse pakkane vil difor truleg ikkje komme før i 2001.

Som følgje av ovannemnde har OD så langt i år ikkje selt datapakker. Ein reknar ikkje med at det vil bli selt datapakkar seinare i år heller, og departementet foreslår difor at løyvinga på posten vert redusert med 16 mill. kroner, til 0 kroner. Ein viser også til at regjeringa i St.prp. nr. 1 (2000-2001) foreslår ei løyving på 10 mill. kroner under posten, hovudsakleg knytt til sal av datapakker for Barentshavet nord.

Post 05 Salg av publikasjoner

Inntektene under posten er knytt til Oljedirektoratets sal av publikasjonar. Løyvinga under posten har dei seinare åra vorte redusert som følgje av at stadig fleire publikasjonar vert gjort tilgjengeleg på CD-rom eller Internett. Dette, saman med at fleire publikasjonar er fjerna frå sal, gjer at ein i 2000 ikkje vil klare å oppnå inntekter i samsvar med gjeldande budsjett på posten. Ein foreslår difor at løyvinga på posten vert redusert med 1 mill. kroner, frå 2 til 1 mill. kroner.

3 Omlegging av energibruk og energiproduksjon

Løyvinga under kap. 1825, post 72 Tilskudd, dekker investeringsstøtte til varme- og vindkraftanlegg, tilskot til byggesektoren og industrisektoren, BSI-ordninga, gassintroduksjon og investeringsstøtte til enøk i hushald, jf. St.prp. nr. 1 (2000-2001). Støtta vert i dag utbetalt løpande og etterskotsvis på grunnlag av dokumenterte utgifter. Om lag 15 pst. av totalt støttebeløp vert halde tilbake til anlegget er komme i drift og sluttrapport for prosjektet vert lagt fram. Denne praksisen er etablert for å sikre god kontroll med framdrifta i prosjekta, og redusere eventuelle tap ved at påbegynte prosjekt ikkje vert slutført.

Skal ein nå måla i energimeldinga, må det gjevast støtte til ei rekke ulike prosjekt, også prosjekt av langsiktig karakter. Tida det tek å gjennomføre eit prosjekt, og dermed også utbetalinga av støtte, vil i mange tilfelle strekke seg over fleire år. Dette problemet vert forsterka ved at enkelte anlegg krev formell saksbehandling hos andre styresmakter før arbeida kan starte, mellom anna byggjebehandling, konsesjonsbehandling og/eller behandling av utsleppssøknader. Avklaring av forhold rundt prosjektfinansiering kan også ta tid dersom kommunale og fylkeskommunale budsjettvedtak er utslagsgjevande for iverksetjing.

Prosjektgjennomføring er ofte avhengig av statleg tilsegn i ein tidleg fase for å sikre akseptable vilkår for andre finansieringskjelder. Der den statlege støtta skal stimulere til oppstart av prosjektet, er utbyggjar avhengig av tilsegn for å starte kostbart planleggingsarbeid. Vidare må det reknast med tid til ulike typar planprosessar, sluttforhandling med kundar og innhenting av tilbod. Sjølve byggjearbeida kan vare frå nokre månader og opp til 2-3 år. For nokre større fjernvarmeanlegg kan byggjetida også strekkje seg utover dette.

Alle mottakarar av tilsegn har to år på seg til å starte arbeida frå tidspunktet for tildeling. Mange ønskjer å utnytte denne perioden for å sjå til at rammevilkåra ved oppstart vert mest mogleg optimale. Dersom arbeida ikkje er starta etter to år vil tilskotsmidla verte kanaliserte til andre søkjarar. Så mykje som 40 pst. av midla kan bli «resirkulert» på denne måten. Det er naturleg nok ei medverkande årsak til forskyvinga i tid mellom tildeling og utbetaling.

I budsjettet for 2000 vart det løyvt 280 mill. kroner under posten jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (1999-2000). I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2000 vart løyvinga under posten redusert med 57 mill. kroner, frå 280 til 223 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 61 og Innst. S. nr. 220 (1999-2000). Mykje tyder på at utbetalingane i 2000 vert vesentleg lågare enn løyvinga for året, noko som vil føre til store overføringar til 2001. Utbetalingane i 2000 blir no rekna til om lag 110 mill. kroner. Likevel vil heile den disponible ramma under posten vere bunden opp i forpliktingar pr. 31. desember 2000 slik som vist i tabell 3.1.

Tabell 3.1:

	Overførte middel frå 1999	127,1
-	Totale utbetalingar i løpet av 2000 (anslag)	110,0
+	Løyving for 2000	223,0

Tabell 3.1:

=	Tilgjengelege middel pr. 31.12 2000 (anslag)	240,1
+	Tilsegnfullmakt	100,0
=	Ramme for forpliktingar pr. 31.12 2000	340,1
-	Sum forpliktingar pr. 31.12 2000 (anslag)	340,1
=	Ubrukt del av ramme pr. 31.12 2000 (anslag)	0

I samband med nysalderinga for 1999 vart løyvinga redusert og tilsegnfullmakta auka for å hindre store overføringar mellom budsjetterminer. Regjeringa går ikkje inn for å trekkje inn likviditet på samme vis i år. Det legges i staden opp til å overføre restløyvinga til 2001. Det er fleire årsaker til dette.

Det eine er at tilsegnfullmakta eller løyvingane for 2001 må aukas tilsvarende inndraging av likviditet i 2000 for å unngå ein reduksjon i ramma for forpliktingar i 2001. Om ikkje vil NVE i liten grad ha moglegheit til å gje nye tilsegn neste år. Ei anna årsak er at Regjeringa i løpet av året vil gjere framlegg om å opprette eit energifond som skal ta seg av arbeidet med omlegging av energibruk og energiproduksjon og finansieringa av dei ulike støtteordningane, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2000-2001). Fondet vil bli tilført midlar gjennom eit påslag i nettatariffen og gjennom løyvingar over statsbudsjettet. Departementet går inn for at fondet blir oppretta medio 2001. Oppgåver knytt til omlegginga av energibruk og energiproduksjon som i dag blir forvalta av NVE, vil gradvis kunne overførast i løpet av siste halvår 2001. Parallelt vil statlege løyvingar over kap. 1825 kunne overførast til fondet. Gjenverande løyvingar over statsbudsjettet for 2001 vil bli overførte til fondet ved utgangen av året.

Med bakgrunn i dette foreslår departementet at det ikkje blir trekt inn likviditet i 2000. Under føresetnad av at det nye energifondet blir etablert i 2001 vil dei statlege midlane bli overførte til energifondet i løpet av neste år, og det vil med den nye organiseringa ikkje lenger vere overføringar av løyvingar mellom budsjetterminar.

4 Refusjon av dokumentavgift

Ordninga med refusjon av dokumentavgift vart avvikla frå 1. januar 1999, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (1998-99). Det vart gitt ei løyving på 615 mill. kroner i 1999 knytt til søknader om refusjon som vart fremja innan utgangen av 1998, jf. St.prp. nr. 67 og Innst S. nr. 236 (1998-99). I tillegg vart det overført 190 mill. kroner frå 1998, slik at dei samla disponible midla i 1999 utgjorde 805 mill. kroner. Av dette beløpet vart 660 mill. kroner utbetalt, og resterande 145 mill. kroner vart overført til 2000 for å dekkje opp allereie gitte tilsegner.

For 2000 vert det no budsjettetert med utbetalingar på om lag 35 mill. kroner. Vidare er det rekna ut at det vil gjenstå resttilsegn på om lag 60 mill. kroner som vil komme til utbetaling i 2001. Dette inneber at om lag 50 mill. kroner av tilsegnene så langt er eller truleg blir fråfalne. Det blir gjort merksam på at tala er usikre.

5 Prosjekter under utbygging

Kostnadsutvikling i Åsgardkjeda

Det vert vist til omtalen av kostnadsutviklinga i Åsgardkjeda i St.prp. nr. 53 (1999-2000). Investeringsoverslaga viste då ein kostnadsauke på 870 mill. kroner totalt for Åsgardkjeda.

Departementet mottok i august 2000 nye investeringoverslag for prosjekta i Åsgardkjeda og vil med dette gjere greie for den siste kostnadsutviklinga. Tabell 5.1 viser den siste utviklinga samanlikna med investeringsoverslaga som vart lagde fram i orienteringa til Stortinget gjennom St.prp. nr. 53 (1999-2000).

Tabell 5.1:

		(i mill. 2000-kroner)	
	St.prp. nr. 53	Nytt anslag	
	(1999-2000)	(august 2000)	Kostnadsauke
Åsgardkjeda	69 655	70 285	630

Åsgardkjeda omfattar feltutbygging i Norskehavet, røygassrørleidningen Åsgard Transport frå feltet til Kårstø i Rogaland, dei nye gassbehandlingsanlegga på Kårstø og eksportgass-rørleidningen Europipe II frå Kårstø til Dornum i Tyskland.

Kostnadsauken på feltet er på 530 mill. kroner. Dette skuldast i følgje Statoil i hovudsak meirkostnader knytt til arbeidskonfliktane på feltet (streik) sommaren 2000. Dessutan har kostnadene for boring og komplettering auka noko som følgje av at ein brønn måtte borast på nytt og på grunn av store problem med den opphavlege brønnen. Det er også ein kostnadsauke på Kårstø på 100 mill. kroner, som i følgje Statoil skuldast at ferdigstillings- og uttestingsarbeidet har vist seg å vere meir krevjande enn venta.

Den siste kostnadsauken er, for Åsgardkjeda sett under eit, innanfor den ramma for mogleg kostnadsauke som Statoil tidlegare har orientert om og som vart lagt til grunn for departementet si orientering i St.prp. nr. 53 (1999-2000).

Utbygginga av Åsgardkjeda er no ferdig. Gassproduksjonen frå feltet tok til 1. oktober i år, med gasstransport gjennom Åsgard Transport og gassbehandling i Kårstøanlegga. Oljeproduksjonen frå Åsgardfeltet tok til i mai 1999, og rørleidningen Europipe II starta opp 1. oktober same år. Statoil vil i løpet av våren 2001 leggje fram eit siste kostnadsoverslag for prosjekta i Åsgardkjeda. Det er framleis Statoil si vurdering at dei totale utbyggingskostnadene for dei fire prosjekta i Åsgardkjeda vil liggje innanfor den skisserte ramma for moglege nye aukingar.

Kostnadsutvikling i Snorre 2

Departementet har i St.prp. nr. 1 (2000-2001) gjort greie for kostnadsutviklinga i prosjekt under utbygging. I etterkant har det komme fram ytterlegare opplysningar knytt til Snorre 2 utbygginga.

Overslag for investeringane i Snorre 2-utbygginga er auka med 646 mill. kroner i forhold til overslag som låg til grunn for St.prp. nr. 1. Investeringane er no vurderte til 14 368 mill. kroner ²⁾

Auken skuldast ei rekkje forhold, dei to viktigaste er knytte til auka materialbruk i prosjektet, og auka timebruk innan engineering.

²⁾ Overslaga kan ikkje direkte samanliknast med overslaga i St.prp. nr. 1 (2000-2001), då dei nye overslaga bygger på operatørselskapet sine eigne inflasjonsføresetnader. Kostnadsauken er likevel av same storleik som omtalt over.

6 Miljø og estetiske omsyn ved bygging av kraftleidningar

Bakgrunn

Stortinget fatta den 24. mars 1994 følgjande vedtak:

«Stortinget ber Regjeringen legge til rette for at miljø- helsemessige og estetiske hensyn må få økt vekt ved myndighetsgodkjenning av nye høyspentanlegg.»

Departementet viser til Dokument nr. 8:6 (1993-94), Innst. S. nr. 97 (1993-94) og St. forhandlinger 1994, side 2778-2795. I samband med behandlinga sa energi- og miljøkomiteen mellom anna:

«Komiteen vil vise til den arbeidsgruppen under Helsedepartementet som skal utrede helsefare. Komiteen ber om at Stortinget blir orientert om arbeidsgruppens konklusjoner.»

Helseomsyna er det gjort nærare greie for i St.prp. nr. 65 (1997-98) Omprioriteringer og tilleggsbevilgninger på statsbudsjettet 1998, side 41-42, jf. Innst. S. nr. 252 (1997-98), side 69.

Departementet har følgd opp Stortinget si oppmoding om tilrettelegging for miljø og estetiske omsyn på fleire område. NVE gjorde våren 1994 ei utgreiing om miljøkriterium for val av kabel for å få eit betre grunnlag for å avgjere i kva tilfelle kabel kan vere eit alternativ til luftleidning. Arbeidet har særleg vore konsentrert om landskap og estetikk, verknader for fugl og om masteutforming og fargeval.

Hovudarbeidet innan prosjektet har vore om estetikk og landskap. Dette er følgd opp med kurs for konsulentar og utbyggjarar våren 1996 og rapporten «Estetikk, landskap og kraftleidningar», Kraft og Miljø nr. 22. Arbeidet med utvikling av mindre dominerande luftleidningar med masteutforming og betre fargeval, har komme godt i gong.

Når det gjeld fugl, ligg det føre ei god framstilling av berørte fuglearter, skadeomfang og moglege tiltak, til dømes kabling. Det er viktig å ha god kunnskap om dei ulike artene i kvar enkelt sak.

Estetikk og konsekvensar for landskapet er eit tema i alle kraftleidningsaker. Vidare utvikling av måtar å vurdere estetiske ulemper på er viktig. Det er ønskeleg å kunne klassifisere areal der tiltak bør vurderast. Betre grunnlag for val mellom traséjustering, masteutforming og kabling er også viktig.

Når det gjeld verknader for fugl, andre dyr og planter, treng ein betre kunnskap om dei aktuelle areala i den einskilde saka. Då det ofte finst fleire moglege traséar for ein ny kraftleidning, er god generell kartlegging av landskap, naturmiljø og kulturmiljø i heile området verdfullt bakgrunnsmateriale.

Det er viktig å vere merksam på utviklinga av alternative verkemiddel som nye mastetypar og isolatorar.

Nedanfor følgjer ei utgreiing om miljøverknadene av kraftleidningar, ei oversikt over tiltak for å redusere miljøverknadane, samhaldet mellom miljø

og nærføring til bustader, kraftleidningar og verna område, og ein strategi som skal leggjast til grunn for dette forvaltingsområdet i framtida.

Miljøverknader av kraftleidningar

Kraftleidningar kan føre med seg miljøulemper, som t.d.:

- Kraftleidningar kan medføre estetiske ulemper i nærleiken av bustadområde.
- Kraftleidningar kan påverke friluftsliv og rekreasjon negativt. Særleg vil naturområde, som frå før er lite berørt av inngrep, kunne få redusert verdi.
- Kraftleidningar kan direkte eller indirekte påverke verdfulle naturmiljø og kulturmiljø visuelt.
- Fuglar kan flyge inn i kraftleidningar, og anna vilt kan bli forstyrra.

Oversikt over tiltak for å redusere miljøeffektar

Ved konsesjonsbehandlinga blir føremonene ved det nye anlegget vurdert opp mot investeringane og miljøverknadene. Konsesjon kan bli nekta ut frå svak nytte i høve til kostnader og ulemper, mellom anna for miljøet. Det blir òg vurdert om ein ny leidning kan erstatte gamle leidningar, som så kan rivast når den nye er sett i drift.

Jordkabel kan ut frå miljøomsyn vere eit alternativ til luftleidning. Kabling er særskild kostbart, særleg ved høge spenningsnivå, der mykje straum skal overførast. Normalt er kostnadstilhøvet mellom luftleidning og kabelanlegg for 300 kV alt frå om lag 1:4 til om lag 1:8, avhengig av den kapasitet anlegget måtte ha. Eitkvart pålegg om kabling vert grunngjeve etter skjøn, der ein legg særleg vekt på forholdet mellom miljø og estetikk på den eine sida og kostnader og leveringstryggleik på den andre. Kabling av kraftleidningar er særleg aktuelt ved spenningar under 66 kV. For 132 og 66 kV blir normalt luftleidning valt. I spesielle tilfelle med sterke verneinteresser eller store estetiske ulemper, kan ein velje kabling på kortare strekk. 420/300 kV vert bygd som luftleidning. Berre i heilt spesielle unntakstilfelle med særskilde sterke miljøomsyn, bør kabling vurderast. Ein bør vere merksam på at kabelarbeid for leidningar med høg spenning også er eit vesentleg naturinngrep.

Kraftleidningar vert i utgangspunktet planlagde den kortaste veg mellom to punkt. Ein kort leidning har mindre miljøverknader enn ein lengre. Omsyn til landskap, kulturminne, vern og arealbruk kan føre til at traséen må justerast. Teknisk kan ein flytte traséen, men det kan oppstå konflikter og styresmaktene må velje mellom ulike interesser, om traséen skal gå i lite berørt natur eller i nærleiken av bustadsområde. God traséplanlegging er eit viktig verkemiddel for å redusere negative verknader. Ekstrakostnadene ved justering av traséen heng saman med kor mykje lengre leidningen blir og kor mange nye knekkpunkt leidningen får. Moderate justeringar gjev moderate ekstrakostnader.

Parallellføring der fleire kraftleidningar går nær kvarandre og følgjer same rute, gjer at inngrepa vert samla, noko som normalt er ei føremon. Det kan vere teknisk vanskeleg å byggje parallellføring med eksisterande leidningar, då masteavstand, høgde og form kan vere ulike.

Fellesføring med fleire ulike spenningar på same mast, er uvanleg i Noreg. For arealbruk er dette ein føremon, sjølv om mastene vert styggare. Omsyn til tryggleik ved drift og vedlikehald talar mot slike løysingar.

Kraftleidningsmaster er utforma med omsyn til styrke, tekniske forhold og kostnader. Ein har i mindre grad, ved val av form, materiale og fargesetjing, søkt å få fram estetiske kraftleidningar. Det vert no lagt større vekt på val av mastetypar og fargar. Samstundes vert det arbeidd med å utvikle nye master og fargelegging av master, liner og mindre synlege isolatorar. Gjennomtenkte val på dette området kan medverke til å gjere kraftleidningane mindre dominerande i landskapet. På den andre sida kan slik kamuflasje auke faren for at fugl kolliderer med kraftleidningane. Kraftleidningar vil vanlegvis ikkje ha særleg negativ verknad på dyr. I anleggsperioden bør ein somme stader unngå sårbare periodar for enkelte arter. I driftsperioden har kraftleidningar normalt ingen negative verknader. Eit mogleg unntak er villrein som er meir kjenslevar enn andre dyr. I villreinområde må det takast omsyn ved traséplanlegging og ved val av tidspunkt for anleggsarbeidet.

Når det gjeld fuglar, må ein vere merksam på sjeldsynte arter og spesielle fugleområde. Ved viktige fuglebiotopar og elles der det er registrert sjeldne fuglearter som kan flyge inn i kraftleidningar, bør ein vurdere spesielle tiltak. Dette kan vere endring av trasé, merking av leidningen eller andre tekniske tiltak. I spesielle tilfelle kan ein vurdere kabling.

Det vert lagt opp til å redusere forstyrring av vilt ved å unngå anleggsarbeid somme tider vår og haust, og velje skånsame metodar ved anlegg og vedlikehald. Vidare bør det leggjast opp til anleggsmetodar som helikopterdrift og bygging på tidspunkt når naturen er mindre sårbar for å redusere transportskadar. God opprydding og istandsetjing etter arbeidet er også viktig.

Rydding av vegetasjon under kraftleidningar, for å hindre overslag frå dei straumførande linene, blir gjort berre der det er naudsynt. For å redusere innsyn til kraftleidningar kan trea bli ståande. Enkelte stader blir det planta nye tre for å redusere verknadene.

Når det gjeld å omsyn til plantelivet, har kraftleidningar klart mindre negative verknader enn flatehogst i skogbruket. Dels går det ut over mykje mindre areal, dels vert det rydda moderat under leidningen. Verna planteområde kan innebere at leidningen må flyttast, men leidningar kan ofte gå over eller i nærleiken av slike område utan å ha negativ innverknad.

Forholdet mellom miljø og nærføring til bustader

Ein større kraftleidning nær bustaden vil klart redusere trivselen. Likevel er det mange som bur eller arbeider like ved kraftleidningar, og endring av tilstanden i dag vil innebere sær store kostnader. Dei estetiske verknadene ved nærføring fører til at ein for nye kraftleidningar legg vekt på å unngå slike løysingar. Der alternativet ikkje er urørte eller spesielt verneverdige naturområde eller kulturlandskap, bør traséen ut frå estetiske omsyn om mogleg leggjast utanom bustader. Anlegga bør vidare verte utforma og fargesette slik at den estetiske verknaden for bustader blir dempa.

Når det gjeld nye anlegg, er det ei viktig utfordring å prioritere mellom bustader og natur. Ofte står valet mellom nærføring til bustader eller å leggje nye kraftleidningar i naturområde.

Med nærføring kjem òg spørsmålet om lik handsaming av eksisterande anlegg og nye anlegg. Mesteparten av nærføringa gjeld eksisterande anlegg, fordi det i ettertid er bygd bustader inntil eksisterande leidningar. Moglege tiltak er for det første at kommunar søkjer å unngå ytterlegare nybygging inntil kraftleidningar, mellom anna gjennom bruk av plansystemet i plan- og bygningslova og ved god kontakt med energisektoren. I samband med det viser ein til Rundskriv H-7/97 frå Kommunal- og regionaldepartementet og Miljøverndepartementet «Om endringer av estetikkbestemmelser i plan- og bygningsloven» og tilhøyrande vegleiar (T-1179). For det andre kan ein redusere eksisterande nærføring gjennom ulike tiltak ved opprusting eller fornying av konsesjon, som t.d. endra faseoppheng. Dette kan føre med seg estetiske ulemper i staden.

Det er sjeldan mogleg med traséflytting for eksisterande leidningar av di det ikkje finst alternative traséer. Alternativet er normalt kabling. Dette kan likevel bli svært dyrt, særleg ved høge spenningar. Det er difor berre aktuelt å kable i spesielle høve.

Kraftleidningar og verna område

For område som er verna ved vedtak i medhald av naturvernlova eller kulturminnelova, er situasjonen i regelen enkel. Viss vernevilkåra utelukkar kraftleidningar, må ein finne andre traséar. Dette er område med moderat storleik som normalt kan unngåast med traséjusteringar. Formelt vern gjev klåre rammer for seinare kraftleidningar. Anten må leidningane flyttast, eller så gjev vernevilkåra grunnlag for dispensasjon. Kulturmiljø eldre enn frå år 1537 og samiske kulturminne eldre enn 100 år er automatisk freda etter kulturminnelova. Fredinga gjeld uavhengig av om kulturminna er kjende eller ukjende. Dersom det ikkje er mogleg å finne trasear som ikkje berører automatisk freda kulturminne, må det søkjast om dispensasjon frå fredinga.

Forvaltningsstrategi

Basert på dei utgreiingar som er gjort dei seinare år om miljøspørsmål ved kraftleidningar og etter gjennomgang av nyare praksis, har departementet utarbeidd følgjande strategi for framtidig behandling av kraftleidningsaker:

I alle konsesjonssaker om bygging og drift av kraftleidningar skal styresmaktene kritisk vurdere både behovet for anlegget og om det er mogleg å rive gamle leidningar.

Ut frå estetiske omsyn bør kraftleidningar som hovudregel ikkje lokaliserast for nær bustader. I slike tilfelle bør òg spesielle verneverdige naturområde eller kulturlandskap haldast utanom. Anlegga bør få form og farge slik at den estetiske verknaden for bustader vert dempa.

Ein bør freiste ikkje å ramme område som er vurderte som særst viktige for det biologiske mangfaldet, jf. St.meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling, slik som område av verdi for friluftsliv og verneverdige kulturmiljø. Ein bør i tillegg freiste å leggje traséen slik at dei store samanhengande naturområda, som er tilnærma urørt av tekniske inngrep, ikkje vert ramma.

Eitkvart pålegg om kabling vil byggje på skjønn, der ein legg særleg vekt på samhaldet mellom miljø, estetikk og kostnader. Kabling av kraftleidningar

er særleg aktuelt ved spenningar under 66 kV. For 132 og 66 kV blir normalt luftleidning valt. I spesielle tilfelle med sterke verneinteresser eller store estetiske ulemper kan ein velje kabling på kortare strekk. 420/300 kV vert bygd som luftleidning, og berre i heilt spesielle unntakstilfelle med særst sterke miljøomsyn, kan det vere aktuelt med pålegg om kabling.

Ved viktige fuglebiotopar og elles der det er registrert sjeldne fuglearter som kan flyge inn i kraftleidningar, bør ein vurdere spesielle tiltak. Dette kan vere endring av trasé, merking av leidningen eller andre tekniske tiltak. I spesielle tilfelle kan ein vurdere kabling.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2000 m.m. under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2000 m.m. under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer av løyvingar på statsbudsjettet for 2000 under Olje- og energidepartementet I

I statsbudsjettet for 2000 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kr
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (jf. kap. 5440)	
	22	Fjerningsutgifter, blir redusert med	18 000 000
		frå 20 000 000 til 2 000 000	
	30	Ivesteringer, blir auka med	800 000 000
		frå 21 900 000 000 til 22 700 000 000	
2442		Disponering av innretninger på kontinentalsokkelen	
	70	Tilskudd, overslagsbevilgning, blir redusert med	38 000 000
		frå 70 000 000 til 32 000 000	

Inntekter:

Kap	Post	Formål	Kr
4810		Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)	
	04	Salg av undersøkelsesmateriale, blir redusert med	16 000 000
		frå 16 000 000 til 0	
	05	Salg av publikasjoner, blir redusert med	1 000 000
		frå 2 000 000 til 1 000 000	
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (jf. kap. 2440)	
	24	Driftsresultat, blir auka med	20 900 000 000
		frå 74 900 000 000 til 95 800 000 000	
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	140 600 000 000
		Driftsutgifter	-18 200 000 000
		Lete og feltutviklingsutgifter	-1 700 000 000
		Avskrivninger	-16 400 000 000
		Renter	-8 500 000 000

			95 800 000 000	
	30	Avskrivninger, blir auka med		1 300 000 000
		frå 15 100 000 000 til 16 400 000 000		
	50	Overføring fra Statens petroleumsforsikringsfond, blir løyvd med		700 000 000
	80	Renter, blir redusert med		100 000 000
		frå 8 600 000 000 til 8 500 000 000		
	85	Renter på mellomregnskapet, blir løyvd med		10 000 000
